



REFERAT 2000

STRÅLANDE TINGINGSVERK AV IVER KLEIVE OG KNUT REIERSRUD

Tingingsverket "Nye røter" av og med Iver Kleive og Knut Reiersrud vil bli ståande i Rosendal Musikkfestival sin historie som eit høgdepunkt. Dei store forventningane vart meir enn innfridde, og publikum i salen fekk ei konsertoppleving å leva på i mange år framover! Men årets festival baud på fulltreffarar også frå Morten Abel, Bukkene Bruse, Eriksen, Lars Andreas Larssen, Nobody's Business Blues Band, Amicorum, m.fl.

"Nye røter" vart i tillegg til Kleive og Reiersrud framført av Olaf Kamfjord (kontrabass), Rune Arnesen (perkusjon) og 35 medlemmer av Oslo Bachkor. Verket var heile halvannen time langt, men utan kvileskjer. Musikalsk varierte det frå tradisjonell korsong til blues-jamming, monumental gitarspeling, folkemusikk og orientalske klanger. Iver Kleive hadde sjølv skrive 4 tekstar, og tillegg hadde han sett musikk til dikta "Om du har syn for slikt" av Kaare Skaala og "Rosendal, Rosendal" av Johs. L. Ness. Publikum (350) kvitterte med stormande applaus, og vart lønna med ekstranummeret "Nåde" frå OL på Lillehammer.

Det å kunne by på eit tingingsverk er sjølv sagt eit stort løft - både arbeidsmessig og økonomisk, men når resultatet og responsen vert slik som i år, er det opplagt at det ikkje kan bli mange år til neste gang! Vi vil retta ein stor takk til Iver Kleive og Knut Reiersrud for innsatsen og for hyggeleg og givande samarbeid.

Festivalen starta torsdag 1. juni med opning av kunstutstilling. I år var Håkon Bleken festivalutstillar, og mykje folk kom for kikka på hans litografi frå samlinga "Spor".

Opningskonserten var i Kvinnherad kyrkje med Kammerorkester frå Stavanger. Dette orkesteret består av 13 medlemmer av Stavanger symfoniorkester, og dei framførte verk av Bach og Mendelssohn. Ein stemningsfull time for dei ca 150 frammøtte. Etterpå var det duoen Eriksen sin tur. Dei haldt ein akustisk konsert på Rosendal Fjordhotel for ca 160 tilhøyrarar. Ein strålande konsert med "The Water is Wide" som høgdepunkt.

I tillegg til tingsverket kunne ein fredag 2. juni få med seg nattdansen med Nobody's Business Blues Band og Rita Eriksen. Eit stappfullt samfunnshus (425 personar) fekk svinga seg til hardtslåande bluesrytmar! Dette er eit arrangement som er kome for å bli. Arrangøren Rosendal Musikklag presenterte seg med utandørskonsert på Vangstunet. Sjølv om det var skikkeleg grisever svinga det skikkeleg av dei travle muskarane!

Laurdagen opna som vanleg med folkefesten i Skålagato. Veret var diverre dårleg, men artistar som Halsnøy Storband, Bytunet Antikvariske Jazzensemble, Paul Are Ljosnes, Kvinnherad Folkemusikklag og Bergen Brassband m.fl. gjorde sitt ytterste for å varma publikum. Gratiskonserten ved Rosendal Gjestgiveri trakk i år fullt hus. Sola stakk fram under tilstellinga, og ca 200 frammøtte kom i skikkeleg festivalstemning med tonar frå Halsnøy Storband og Bytunet Antikvariske Jazzensemble.

Morten Abel sin konsert var den som trakk flest tilhøyrar under festivalen. Heile 490 personar fekk plass i samfunnshuset, og dei fekk oppleve eit show som baud på m.a. laserstråler, video og sjølv sagt Abel sine siste slagerar. Ein drøy time var kanskje i minste laget, men til gjengjeld imponerte bandet med skikkeleg trøkk.

Dei klassiske muskarane i Amicorum kunne i lag med 3 dansarar frå Bergen dansesenter visa stykket "Rotskudd". Moderne dans og tonespråk stilte krav også til tilskodarane, men dei 50 som møtte fram på Rosendal Fjordhotel fekk sjå kunst på høgt nivå! Festivalkroa på Gjestgiveriet var i år med Myhre's PPT frå Stord. Gruppa Bönkers melde sjukefråvær kvelden før, men gjengen frå Stord viste seg å vera ei glimrande erstatning. Eit fullstappa gjestgiveri fekk ei oppvisning i speglede og ekte artisteri!

Nattjazzen var i år med Bytunet Antikvariske Jazzensemble. Dette er ei gruppe som beherskar den klassiske New Orleans-jazzen til fingerspissane. Ca 180 frammøtte fekk ein triveleg kveld i selskap med veteranane frå Haugesund.

Søndag 4. juni skulle eigentleg byrja med familieteater med Ljudmil Nikolov og Hordaland Teater. Diverre måtte framsyninga avlysast grunna sjukdom. Konserten med Bukkene Bruse i Kvinnherad kyrkje gjekk heldigvis etter planen. Desse framifrå muskarane serverte utruleg vakker musikk, og vann mange tilhengarar til folkemusikken. Festivalen vart også i år avslutta på husmannsplassen Grønestøl. Lars Andreas Larssen fortalde erotiske folkeeventyr, og ca 200 tilhøyrarar gapskratta inn i solnedgangen.

Totalt sett vart festivalen ein suksess også i år. Publikum støttar opp om arrangementa, og dei gode tilbakemeldingane tyder på konsertane fell i smak. Også artistane gjev positive signal, slik at alt tyder på at festivalen har funne ein form og eit innhald som er verd å spinna vidare på!

[Program](#) | [Festivalinfo](#) | [Historie](#) | [Rosendal](#) | [Overnatting](#) | [Til hovudsida](#)